

Arbeidsprogram for Hordaland Mållag mars 2018 – mars 2019

Hordaland Mållag vil slutta opp om arbeidsprogrammet til Noregs Mållag. HM vil arbeida for å auka kjennskapen til nynorsk og for å få fleire til å nytta og fremja nynorsk på alle område i samfunnet.

Fylkeslaget har litt andre oppgåver enn eit lokallag. Viktige punkt vil vera:

Nynorsk opplæringsmål

Det er avgjerande at me held fram med, og aukar, skulemåloffensiven me starta opp i fjor.

- a) Mange fleire fyrsteklassingar må få nynorsk opplæringsmål. Skal nynorsken verta styrkt, må fleire ha han som hovudmål.
- b) All nynorskopplæring er viktig. Me vil styrkja nynorsken i heile utdanningsløpet, frå barnehage til høgskule- og universitetsnivå. Me vil stogga målbyttet frå nynorsk til bokmål og ha nynorsk opplæring for framandspråklege. Det må vera eit mål at alle bokmåselevar får byrja å læra nynorsk tidleg.

Samla inn midlar og få til fleire finansieringsordningar for stillinga i Hordaland Mållag

Me vil sikra at stillinga vert 100% i åra framover.

Mållovsarbeid

Hordaland Mållag vil halda fram med å ha ein mållovsansvarleg. Dette arbeidet har ført fram mange stader, noko som gjev inspirasjon til å vera meir årvakne og til å seia oftare frå om brot på mållova.

Næringslivsarbeid

Hordaland Mållag vil halda fram med å ha ein næringslivsansvarleg. Me vil oppmoda næringslivet i fylket til å nytta mykje meir nynorsk.

Blest

Me må blesta både målsaka og nynorsk språk på alle område. Me ynskjer å ha påverknad på ein positiv måte slik at fleire folk, både i organisasjonslivet og elles, nyttar nynorsk.

Verving

Verving til NM er meir lokallagsarbeid enn fylkeslagsarbeid. Likevel kan Hordaland Mållag gjera sitt, m.a. ved å utvida vervearbeidet til å omfatta nye grupper. Me vil få fram kor viktig det er å vera med i mållaget og korleis dette

styrkjer språk på mange måtar.

Styrkja laga

Me vil arbeida for oppattskiping og nyskiping av lag. Me vil også styrkja organisasjonen og kontakten mellom laga, NM og heile samskipnaden.

Skipa til seminar og møte, som t.d. førebuing av Bergenskonferansen for nynorsk 2019.

Halda kontakt med styresmakter og næringsliv

Det er naturleg for Hordaland Mållag å ha møte med delar av leiinga i Hordaland fylkeskommune, Bergen kommune og Bergen næringsråd. Møte som har med utdanning å gjera er svært viktige, men og møte om språkbruk innan andre etatar.

Anna organisasjonsarbeid

Me vil skipa til fylkesårsmøte, delta på årsmøte i Hordaland Teater og Folkeakademiet, på landsmøte i NM, landsrådsmøte i NM og andre tilskipingar som er til beste for nynorsken.